



Averøy kommune

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

Molde, 1. feb. 2023

## Uttale – Landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta i Averøy kommune

Vi viser til ny offentlig høyring på søknad om løyve til landbasert oppdrett på lokalitet Tøfta i Averøy kommune med uttalefrist 10.febr. 2023.

**FNF Møre og Romsdal meiner at i respekt for ein heilheitleg planlegging, komande utfordringar med klima og miljø og nedbygging av natur, må ein her starte på nytt å vurdere alternative eigna lokalitetar i regionen/landet før ein bestemmer seg om at Tøfta på Averøya er rett plassering av eit slikt anlegg. Om ein velgjer å gå vidare med planane for landbasert oppdrett ved Tøfta krevst det ein grundig biologisk gransking og registrering av friluftslivet på staden samt utgreiing om energibruken på anlegget, plan for handtering av organisk materiale, plan for plassering av masseoverskot etc.**

FNF Møre og Romsdal har tidlegare uttalt seg om dette same tiltaket den 25.10.2016 (sjå vedlegg). Hovudkonklusjonen den gonga var; «*FNF Møre og Romsdal meiner at i respekt for god planlegging må ein her starte på nytt med blanke ark å vurdere ein eigna lokaltiet i kongeriket vårt og ikkje henge seg opp i at dette arealet er det einaste staden i landet ein kan plassere eit slikt anlegg. Norsk oppdrett og sjømatindustri er for viktig til at dette skjer ved denne måten. Om ein velgjer å gå vidare med planane for landbasert oppdrett ved Tøfta krevst det ein grundig biologisk gransking og registrering av friluftslivet på staden.*»

No har det gått over seks år sidan vi skreiv dette, men det held seg enno slik vi ser det. Dessutan har det kome til viktige variable som er meir gjeldande i dag enn i 2016. Vi vil prøve å gjere greie for denne nye kunnskapen og tankane våre slik vi les situasjonen no.

Først dette med å plassere rett anlegg på rett stad. For å gjere det krevs det oversyn, det krevs at ein ikkje lar seg leie blind til den eine staden ein utbyggar har tenkt seg utbygging på. Slike store anlegg treng stort areal, og diverre ser vi her nok eit eksempel på at ein ønskjer å bygge ned urørt natur. Er det gjort utgreiingar om alternative plasseringane av eit slkt anlegg? Finnes det f.eks. alternative stader i regionen der natur allereide er øydelagt frå før? Vi meiner at denne manglande reelle vurderinga av alternative stader for ei slik verksemd er essensiell i søknaden – med andre ord må dette vere avklara før ein går vidare med ei slik storstilt nedbygging av natur. Vi får stadig større utfordringar med klima og miljø i fylket vårt, og vurderingar rundt nedbygging av urørt natur, om ikkje heilt nødvendig, må takast på største alvor.

Vi les følgjande om utsleppet tenkt frå anlegget; *«Avløpsvatn vil innehalde nærings salt oppløyst i sjøvatn, samt karbon (organisk stoff) i form av finpartikulært materiale. Ein samla årleg produksjon på 30.000 tonn fisk er estimert å gje eit utslepp i sjø av 80 tonn fosfor, 950 tonn nitrogen og 1398 tonn karbon. Dersom man ut fra en omsøkt årsproduksjon på 30.000 tonn regner om de omsøkte utslippene for å sammenligne utslipp fra tettbefolkete områder, tilsvarer utslippene rundt 0,8 ganger avløp fra den samlede befolkningen i Møre og Romsdal fylke på omtrent 267 000 innbyggere.»*

Vi ser ikkje av søknadsdokumenta kor mykje organisk materiale som blir halde att på land, og kor dette skal nyttast, men mengde utslepp er betydeleg. Samstundes er jo all oppsamling av organisk avfall positivt i høve til å sleppe alt rett ut som i tradisjonelt oppdrett i sjø. Men å sleppe slike mengder organisk materiale ut i sjø på ein stad er ikkje biologisk lurt bra for dei artane som har lever i det maritime miljø, og det er heller ikkje godt utnytta av oss som skal leve på land. Det smartaste og beste valet ville vare at det organisk materiale som sleppes ut fra produksjonen, kan utnyttas til økt verdiskaping som f.eks. biogass, gjødselproduksjon samt kompostering og jordforbedring. Vi hadde forventa at søknaden inneheld slike opplysningar.

Friluftsområdet Tøfta/Stavneset les vi lite om i søknaden. Stavneset fyr er no opna opp for ålmenta gjennom ein avtale mellom Kystverket og ei venneforening (Stavnesets venner) og er blant dei mest besøkte stikkut-turane. Stavnes-Tøfta er tilrettelagt som nærtur for absolutt alle, sentralt på ytre nordmøre, nært for alle som også bor i Kristiansundsregionen. Besøkastala har eksplodert dei siste årene, med om lag 15.000 registreringer i året slik vi har fått det referert - dette er folkehelse på høgaste nivå.

Styret i FNF Møre og Romsdal har i haust vore på synfaring på det landbaserte oppdrettsanlegget i Harøysundet i Hustadvika kommune. Dette vart lærerikt på mange måtar og vi hadde ein open dialog om det meste med utbyggar. Vi fekk blant anna vite at ca 80 % av av forenergien kom som soya frå Brasil medan ca 20 % kom frå (lokale?) fiskressursar utan at total energibruk der eks transportenergi vart lagt fram. Det spørsmålet som vi ikkje fekk svar på var energibruken av straum på eit slikt anlegg, Dette er noko vi leitar etter i denne søknaden også. Energi/straum har jo vorte meir og meir aktuelt og er faktisk heilt nødvendig informasjon vi må ha i 2023 for å vurdere kost/nyttan ved ein kvar industrietablering. Vi saknar dei mest elementære opplysningane om energibruk og meiner at ein ikkje kan ta stilling til eit slikt anlegg før ein har desse opplysningane framfor seg.



Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Vedlegg: Uttale frå FNF Møre og Romsdal av 25.10.2016 til søknad om landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta.

